

Utvalssak nr.	Utval	Møtedato
89/11	Kommunestyret	16.06.2011

Høyringsuttale NOU 2010:13 Arbeid for helse

Saka skal avgjerast endeleg i kommunestyret.

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Lindås kommune vil gje følgjande høyringsuttale:

Utvalet sine forslag til innsatsområde og tiltak er heilt i tråd med Lindås kommune sitt prosjekt: HMT – prosjekt med fokus på nærvær og reduksjon av sjukefråvær. I tillegg ynskjer vi å understreka at tiltaka skissert under innsatsområdet "Styrke kunnskap og kompetanse" er viktige, og då særleg tiltaket som omhandlar satsing på systematisk utprøving og evaluering av tiltak.

Forslaget om eit pilotprosjekt med 10 til 12 kommunar som testar ut 365 dagar eigenmelding støttast fullt ut.

Forslaget om å styrke og endre finansieringsløysinga for tilretteleggingstilskotet støttast også fullt ut.

Utvalet legg til grunn at ei nærare konkretisering må til før det er muleg å anslå kva dei ulike tiltaka kan medføre av auka kostnader. Utvalet meiner likevel at dei fleste tiltaka skal kunne gjennomførast innanfor gjeldande økonomiske rammer og administrative system. Det vert understreka at arbeidet med reduksjon av sjukefråvær og utstøying frå arbeidslivet skal skje lokalt, og at sentrale aktørar skal nytte ordinære informasjons – og styringskanalar i si rolle som pådrivar.

Lindås kommune meiner at det burde følgje sentrale stimuleringsmidlar med dei ulike tiltaka som dei einskilde verksemdene kan søke på ut frå behov. Til dømes kan dette gjelde tiltak for forsøk med tettare oppfølging av gravide på arbeidsplassen og innføring av styrings – og oppfølgingssystem for å følgje opp sjukmeldte.

Handsaming i Kommunestyret - 16.06.2011

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 16.06.2011

Lindås kommune vil gje følgjande høyringsuttale:

Utvalet sine forslag til innsatsområde og tiltak er heilt i tråd med Lindås kommune sitt prosjekt: HMT – prosjekt med fokus på nærvær og reduksjon av sjukefråvær. I tillegg ynskjer vi å understreka at tiltaka skissert under innsatsområdet "Styrke kunnskap og kompetanse" er viktige, og då særleg tiltaket som omhandlar satsing på systematisk utprøving og evaluering av tiltak.

Forslaget om eit pilotprosjekt med 10 til 12 kommunar som testar ut 365 dagar eigenmelding støttast fullt ut.

Forslaget om å styrke og endre finansieringsløysinga for tilretteleggingstilskotet støttast også fullt ut.

Utvalet legg til grunn at ei nærare konkretisering må til før det er muleg å anslå kva dei ulike tiltaka kan medføre av auka kostnader. Utvalet meiner likevel at dei fleste tiltaka skal kunne gjennomførast innanfor gjeldande økonomiske rammer og administrative system. Det vert understreka at arbeidet med reduksjon av sjukefråvær og utstøyting frå arbeidslivet skal skje lokalt, og at sentrale aktørar skal nytte ordinære informasjons – og styringskanalar i si rolle som pådrivar.

Lindås kommune meiner at det burde følgje sentrale stimuleringsmidlar med dei ulike tiltaka som dei einskilde verksemdene kan søke på ut frå behov. Til dømes kan dette gjelde tiltak for forsøk med tettare oppfølging av gravide på arbeidsplassen og innføring av styrings – og oppfølgingsssystem for å følgje opp sjukmeldte.

Saksutgreiing:

Saksdokument vedlagt:

Høyringsbrev frå Helse – og omsorgsdepartementet

Saksdokument ikkje vedlagt:

NOU 2010:13 Arbeid for helse. Sykefråvær og utstøyting i helse – og omsorgssektoren

Vurdering:

I NOU 2010:13 vert følgjande innsatsområde føreslått:

1. Styrke kunnskap og kompetanse
2. Betre arbeidsmiljø og arbeidsinnhald
3. Betre tilrettelegging for gravide
4. Betre seniorpolitikk
5. Tettare oppfølging av sjukmelde

Departementet ber om høyringsinstansane sitt syn på utvalets vurderingar og forslag. Høyringsinstansane vert bedt om å vurdere og å foreslå korleis tiltaka som får tilslutning best kan gjennomførast. Vidare ber departementet høyringsinstansane gje ei grunngjeving for forslag som ikkje vert støtta. Til slutt vert høyringsinstansane bedt om å vurdere forslag til eventuelle andre tiltak som bør iverksetjast for å redusere sjukefråvær og utstøyting frå helse – og omsorgssektoren.

Sjølv om utredinga i hovudsak tek føre seg helse – og omsorgssektoren har vi vald å vurdere forslaga til innsatsområde og tiltak som universelle. Innsatsområda og tiltaka har, slik vi vurderer det, overføringsverdi til alle andre tenesteområde i kommunal forvaltning.

Dei ulike innsatsområda med tiltak:

1. Styrke kunnskap og kompetanse
 - betre sjukefråværsstatistikkar
 - forskning på årsaker til sjukefråvær og utstøyting
 - satsing på systematisk utprøving og evaluering av tiltak
 - betre systema for å formidla kunnskap om effektive tiltak
2. Betre arbeidsmiljø og arbeidsinnhald

- styrka partssamarbeid
 - systematisk utviklingsarbeid
 - styrking av leiarfunksjonen
 - kompetanseeining for å førebygge truslar og vald
 - kompetanseeining for tekniske hjelpemiddel
 - utvikling av medarbeidarane sin kompetanse
 - gode omstillingsprosessar gjennom medverking og partssamarbeid
 - utprøving av nye arbeidstidsordningar
3. Betre tilrettelegging for gravide
- informasjon om arbeid og graviditet
 - forsøk med oppfølging av gravide på arbeidsplassen
 - styrke arbeidslivskompetanse i jordmorutdanninga og andre relevante utdanningar
4. Betre seniorpolitikk
- planlegging av seinkarriere
 - langsiktig haldningsarbeid
5. Tettare oppfølging av sjukmeldte
- styrings- og oppfølgingssystem
 - styrking av tilretteleggingstilskotet
 - forsøk med 365-dagars eigenmelding
 - individuell oppfølging av sjukmeldte
 - utrede endringar i lønstilskotsordninga
 - bruk av velferdspermisjonar